



Jan Morten Dale
Postboks 131
5903 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18016 - 21/83054

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
08.12.2021

Landbrukssak GBNR 185/3 Isdal - Svar på søknad om landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 1315/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Jan Morten Dale løyve til bygging av omsøkt veg på 185/3 Isdal.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 31.12.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Jan Morten Dale søkar om bygging av ca 60meter landbruksveg i vegklasse 7 for å gje betre tilkomst til areala på eigedommen. Estimert kostnad er 50 000,-

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen skal i denne saka gje tilkomst og rasjonell hogst av skog på eigedomen og noko utmark og er såleis i tråd med føremålet. Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn. Vegen er planlagt på Isdal som er plassert i omsynssone som gjeld for bevaring av kulturmiljø.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Fylkeskommunen og Alver kommune har vært på synfaring for å sjå på traseen. Svar frå kulturavdelinga i Alver ligg og som vedlegg. Sjå svar frå Vestland Fylkeskommune:

«Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, viser til utført synfaring fredag 29. oktober. Vi blei vist kor traseen til landbruksvegen skal gå. Den vil bli lagt slik i terrenget at den blir minst mogleg synleg frå gardstuna på Isdal. Vegen vil ikkje kome i konflikt med verneverdige kulturminne. Det går ein steingard i området, men vegen skal leggest på nedsida, eit stykke frå denne. Breidda på vegen skal vere på omlag 2 meter, og ein vil unngå skjemmande skjeringar. Vi har ingen innvendingar til tiltaket når det gjeld kulturminne og kulturmiljø, så lenge tiltaket blir utført som skissert.»

Vi vil til sist minne om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.»

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
Naturmangfaldlova
Forvaltningslova
Kulturminnelova
Offentlegheitslova

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/18016»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Morten Dale

Postboks 131

5903

ISDALSTØ